Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Årdal

Emne: Skav Bygdelag:

Oppskr. av: Sven Valheim Gard: Valheim

(adresse): Årdal i Ryfylke G.nr. 20 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

I

SVAR

1 og 2. Det er mest skav og beit som vert nytta som hjelpefor.
Som samnamn brukar ein: Skagafor
Kvar for seg Skav: og Beit

3 Gjerningsordet skava vert bøygd soleis:
Skav fort. Skjev not. skal skava framt.

4 Frå gamal tid var skav ein del av vintерforet på dei gardar som hadde markaskog, ask, raun, alm o. a.
I dei siste 30-40 åra har det berre vore nytta i år som det var lite høy. og no i seinare år mest ikkje

5 Dei treslag som vart mest nytta til skav var helst ask, raun, osp, hegg, alm og selja. Alm og selja nytta ein helst om våren når dei svadde. Ein nytta lite andre lauvtre og aldri bartre.
Ein heldt ask, raun og alm som dei beste

6 Skav er borken og dei minste kvistar av

9357

ovanfor nemde treslag

7 Eg har høyrt ei regle som lyder slik:
Ask gjere kuna rask
Raunen får
Almen gjør
Seljå svelte
Vier velte

8 Skav vert mest nytta til ku, men og til sau og geit. Til sau og geit måtte ein skava finare, d.v.s. ein måtte skava kvste og tunne skavflakker.
Hesten fekk aldeg skav.
Det var om hausten når buskapen vert sett inn for vinteren ein tok til med skaving, men mest på etterjulsvinteren når høy og halm tok til å minka for mykje og so fram til våren då buskapen kunne sleppast på beite.
Skavet vert gjeve for seg sjølv, men stundom og i blanding med høy eller halm.
Av dei treslag som ein skov, var det vel heggeskav som kråtera lika minst.

9 Om kjyrne malka meir når dei fekk skav? Ja det gjorde dei dersom skavet var eit tillegg til det andre foret. Men vanleg skav ein for å drya det andre foret og då kunde det verta so ymist
Med sterk skav-foring kunde det nok merkast på avdratten både


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II

3

forge og smak på mjålk og smör
Raun set gūl forge på mjålk og smör
Der vil og vesta meir eller mindre smak
av dei einskilde treslag som vest nyttes,
mest på mjålk men og på smör
Alm gjev finaste mjålk og smör, og ingen
ūsmak

10 Ja ein gjekk eins erend for å henta
mork (ved til skaving)
Ein skjev nok heskjevedem, men
ein nyttar ikkje dette til for ūtan
det er av dei før nemnde treslag

11 Ein var av å marka, eller var
av å henta mork.

12 Dei treslag som ein skjev kallar
ein mork

13 Å marka var berre når ein henta
heim dei treslag som skūlle skavast

14 Sjå s.v.8. Det kūnde nok vera
både tūngt og sūrt når ein skūlde
av å marka. Det var alt etter som
lende og andre tilhøve var.
Skūlde ein t.d. marka i bratte liar
og ūrer, måtte ein brūka tog og bera
marka på ryggen
Å henta mork på langfredag har
ikkje vore vis her.
Ein skav altid so mykje før
helgedagane at ein slapp aū

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9357

15 I eldre tider (for 50-60 år sidan og før) sat dei i stova eller kjøken å skav. Seinare i fjøset eller på låven

16 Som reidskap til å skava med vert nytta skavljå
Skavljåen var mest altid laga av ein mest utsliten langljå. Ein hogg eller braut noko av i kvar ende på ljåen så han vert passeleg lang, bøygde han noko og sette skaft på han i den eine enden. Sjølve ljåen var ca 30 cm lang og skaftet ca 20 cm.
Tynsleljåen vert nokk brukt før slipeljåen kom i bruk og det er denne som har vore i bruk sidan (dei siste hundrad år) Slipeljåen trur eg var best.


skavljå

17 Først hogg ein opp morka d.v.s. ein hogg greinene av ca 60 cm lange. Ber heimøinn der ein skal skava (åt fjøs eller låve) Her har ein skavstauren som rekk frå golv til tak, og ein krakk til å sitja på for han som skal skava. Ein har morka på venstre sida skavljåen i høgre handa og set so skavljåen mot skavstauren. Med venstre handa held ein so morka (under skavljåen) og dreg denne bagover etterkvart som ein snur denne til ein har skave rundt, so endasnur ein morkakjeppen og gjer same leis her.
Når ein skjer hesjestaur eller kornstaur

9357
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

III

brukar ein helst bandukniv. eller skavljåen som ein då knýta ei tyfille
om i den enden som ekkje er handtak.
Stauren set ein med eine enden i ei klufegrein, sagkrakk eller nake
anna

18. Sjå s.v. 17. Skavkrakk er den trepinnen ein stør skavljåen mot på skavkrakken
der ein brukar skavkrakk, men elles var denne lite nytta her

19. Sjå s.v. 17

20 Før veden er skaven kalast den mork

21 Den ^borken^ som er skoren av morka kallast skav. Dei einskilde bork-bitane skavblakker

22 Den mork som er tjukkare enn økseskaft skjer ein som staur.
Det som er mindre hògg ein i ca 60 cm. lengd

23 Kjeppane som er skavne kallar ein: i eintal skjevel, i fleirtal skjevlar
Dei korte (60 cm.) kallast sjevlar
Dei lange og tjukke, skavbrandar

24 Til ku skav ein til vanleg groft det vil segja, ein tok noke av veden med borken. Til sau og geit måtte ein skava finare (lite tre med borken)

9357

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ja sume var flinkare enn andre til å skava. Det kom av at dei hadde lang røynsle og so har ikkje alle same handlag med skaving, som med alt anna arbeid.

Det som var fint skave (koste og tume skavblakker). tok kyrne best.

Ein kan vel segja det slik: den som skjer grovt skjer foraste, den som skjer fint skjer seinaste

25 Skjevlane nyttar ein til bakstevedog vanleg husved

26 No nyttar ein lite skav til for, ja ein kan vel seg ja ikkje.

Etter første verdskrig en minka det av med skaving. Og med den minkande arbeidshjelp og dei høge daglønnr no etter den siste verdskrigen vert det heilt slutt med skaving. Til dette kjem og den rike tilgang på kunstgjødsel, so høyavlingane har vorte i mange dubla mot før

9357

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING